



Klare for kurskveld nummer 2 på grusbana

**Grusbana i Uskedalen er eigna som arena for så mangt og i den seinare tid har ho vist seg veleigna for hunde-arrangement. Det gjeld både utstillingar og kurs og i kveld vart kurskveld nummer 2 av 8 i valpekurset til Kvinnherad Hundeklubb avvikla. Kursprogrammet strekkjer seg over 16 timar og leiar Camilla Jensen har laga og leiar det.**



Camilla Jensen er dyktig instruktør

Hundeklubben er ikkje et 'one-woman-show', men det er ingen tvil om at uskedelingen Camilla har den heilt sentrale rolla.

Ho bekreftar at ho no er hunde-instruktør nærmast på heiltid. Ho sit inne med imponerende kunnskap om hundar og korleis ein skal handsama dei og dei 8 kursdeltakarane som møtte fram i kveld verka svært godt nøgde med utbyttet.

To av dei var Odd Steinar Arnesen og Sara Hjelmeland Arnesen, som har ein årsgamal Border Collie.

- Vi har prøvd å ta tak i grunnopplæringa sjølve, men konkludert med at vi treng hjelp. Og det får vi i høgste grad på dette kurset. Vi er ikkje gode nok og gjennom kurset får vi mange gode tips. Det som skal til er trening, trening og atter trening, seier dei nybakte hunde-eigarane.

- Men dette er traas i alt lettare enn det var å få ungane til å slutta med bleier, legg dei til, og konsentrerer seg om ei kontakt-øving kalla 'kinderegg'

Dette er dei 10 deltakarane på kurset:

Isabell Wallentinsen, Uskedalen, Marit Dale Guddal, Seimsfoss, Kjetil Ulveseter, Rosendal, Odd Steinar Arnesen, Uskedalen, Arvid Rød, Uskedalen, Aud S. Amundsen, Rosendal, K. Høyland, Seimsfoss, Janne Hagestøl, Husnes, Ingunn Kaland, Husnes og Terje Natland, Rosendal.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





Inga kontaktproblem. Camilla Jensen jobbar med hunden til Odd Steinar Arnesen.